

STATENS VEGVESEN  
Postboks 1010  
2605 LILLEHAMMER

---

**Dato** 13.04.2023  
**Vår referanse** 2023/32783-2  
**Dykkar referanse**  
**Sakshandsamar** Sara Nordahl  
**E-post** Sara.Nordahl@vlfk.no  
**Telefon** 47781805

Att.Marianne Sæveraas

## **Uttale til sykkelritt – Lonevåg Tempo 28. mai 2023 – Osterøy kommune**

Vi viser til søknad av 30.01.2023.

### **Saka gjeld**

Søknad om å arrangere sykkelritt – Lonevåg Tempo 28. mai 2023. Tidsrom for sykkelritten vil vere frå kl. 14:00 til 16:00 same dag. Det er forventa 200-300 påmeldte deltagarar og 50 tilskodrarar. Deltakarane vil vere både barn, ungdom og senior som alle startar samtidig. Sykkeltraseen startar i Lonevåg sentrum og sluttar ved Osterøy VGS.

Vestland fylkeskommune uttalar seg utelukkande om fv. 5422 Vågavegen og Gjerstadvegen.

### **Uttale**

Fylkeskommunen legg vekt på omsynet til naudsynt framkomst for alle brukarar av vegen, og legg til grunn at Statens vegvesen tar i vare alle naudsnyte vurderingar med omsyn til tryggleiken rund arrangementet, også langs fylkesveg, jf. «forskrift om sykkelritt på veg».

Fylkeskommunen legg til grunn at arrangementet vert gjennomført på ein slik måte at tryggleik og naudsynt framkomst for andre trafikantar vert ivaretake.

Vi ønsker å påpeike at rittet skal arrangerast på ein bevegeleg heilagdag, søndag 28. mai. Vi ønsker i den forbindning å minne om at arrangør er ansvarleg for å avklare om det er avvik i rutetider knytt til buss- og kollektivtrafikken, og elles ta med i berekning at det kan kome til å vere meir trafikk enn vanleg.

Fylkeskommunen kjenner pr. i dag til pågåande arbeid langs rittraseen som arrangør må ta omsyn til. Det er gravearbeid langs fv. 5422 Gjerstadvegen sør-vest for Fugledalen. Denne vil ikkje vere ferdig før 15.06.2023. Arrangør må difor ta kontakt med Osterøy kommune då dei er ansvarleg leidningseigar og samkøyre pågående arbeid med rittet på ei forsvarleg måte. Det er også pågående arbeid med etablering av nytt vegdekke langs delar av traseen. Arrangør må difor også kontakte byggjeleriar hjå oss Ronnny Skråmestø, [ronny.skramesto@vlfk.no](mailto:ronny.skramesto@vlfk.no).

Fylkeskommunen legg til grunn at sykkelrittet også tilpassar seg vedlikehaldstiltak og mindre vegarbeid som enno ikkje er tidfesta. Tiltak som får konsekvensar for trafikkavviklinga vert normalt gjort kjende på vegmeldingstenesta til Statens vegvesen i god tid. Arrangøren må gjere seg kjend med vegen sin tilstand og eventuelle vegarbeid og liknande når arrangementet nærmar seg. Akutte stengingar av vegen kan føre til trafikkomleggingar som får konsekvensar for rittet.

Arrangør ønsker også enkelte stadar å regulere traseen til å berre gå éin veg, anvende skilt 302 «innkjøring forbudt» samt stenge vegen. Det går buss- og kollektivtrafikk i begge retningar langs fylkesvegane nemnd ovanfor. Dersom buss- og kollektivtrafikken går i same tidsrom som sykkelrittet

vert arrangert, kan ikkje vegen regulerast til å berre gå éin veg eller stengast slik omsøkt. Fri og trygg ferdsel skal oppretthaldast som vanleg i begge retningar og vegen skal vere open gjennom heile rittet så lenge buss- og kollektivtrafikken går som vanleg.

Dersom det er ønskeleg å einvegsregulere sykkeltraseen på eit tidspunkt kor det ikkje går buss- og kollektivtrafikk, må det utarbeidast ein detaljert og samanhengande skiltplan for heile rittraseen. Dette må avklarast med Statens vegvesen. Vi vektlegg her at ein eventuell skiltplan må innlemme og også taka omsyn til eksisterande skilt. Alle skilt langs sykkeltraseen skal samsvare med kvarandre både angåande den informasjonen dei gir samt køyreretning. Dette gjeld til dømes visningsskilt.

Denne uttalen tar ikkje stilling til eventuell reklame og/eller installasjoner som gjelder, målportalar og liknande i samband med arrangementet. Reklame og slike installasjoner langs fylkesveg krev særskild søknad og sakshandsaming, jf. reglane i veglova §§ 33 og 57.

Fylkeskommunen stiller vegen og vegutstyr til disposisjon i den stand det er på rittdagen. Vegutstyr må ikkje nyttast til andre føremål enn til det som er tiltenkt, og ikkje på ein slik måte at det vert skada.

Arrangøren må sørge for at boss, skilt, reklame og ulike innretningar i samband med arrangementet vert fjerna utan ugrunna opphold etter at rittet er avslutta. Ved eventuelle skader på publikum, deltakarar eller fylket sin eigedom som følge av rittet, vert arrangøren halden ansvarleg.

Med helsing

**Anders Lie-Nielsen**  
fagkoordinator  
INV - Forvaltning Bergensområdet

**Sara Nordahl**  
rådgjevar  
INV - Forvaltning Bergensområdet

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*